



Eivind Nikolai Børilden  
Øksnesvegen 76  
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon

Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

## Tilsegn med forskotsutbetaling av tilskot til tiltak for truga naturtypar - Skjøtsel av kystlynghei Børilden - Austrheim kommune - 2023

---

**Eivind Nikolai Børilden får tilsegn om 20.000 kroner til skjøtsel av kystlynghei. Tilskotet vert betalt ut som forskot. Det er knytt vilkår til tilskotet.**

---

### Innleiing

Vi viser til søknad om 20.000 kr til skjøtsel av kystlynghei på Børilden i Austrheim kommune.

### Regelverk

Ordninga med tilskot til truga naturtypar er heimla i forskrift om tilskot til trua naturtypar. Føremålet med ordninga er å bidra til å ta vare på trua naturtypar slik dette er definert i Norsk raudliste for naturtypar, jf. forskrifta § 1. Grunneigarar, privatpersonar, frivillige organisasjonar, kommunar, verksemder og institusjonar kan mellom anna få tilskot til:

- skjøtsel og vedlikehald
- tilpassa bruk på areal som inngår i drifta av landbruksforetak
- gjerding
- kartlegging og overvaking i tilknytning til tiltak.

Søknader om tilskot til tiltak for dei utvalde naturtypane og dei trua naturtypane som er høgast prioriterte (gruppe 1) i oppfølgingsplanen for trua natur, skal ifølgje retningsliner frå Miljødirektoratet prioriterast. Det same gjeld tiltak der kunnskapsgrunnlaget er godt.

Når forvaltninga tildeler tilskot gjeld prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 som retningsliner ved avgjerda. Vurderinga av miljørettsprinsippa skal kome fram i grunnjvinga.

### Vår vurdering

Statsforvaltaren har motteke søknadar om tilskot til tiltak for trua naturtypar med samla søknadssum langt større enn midlane vi har til rådvelde. Vi har difor vore nøyde til å prioritere.



Lokaliteten «Børilden» (Svært viktig kystlynghei) som du driv, er på heile 1594 daa. Med ein sats på 20 kr/daa i RMP-tilskot har du rett på 31.880 kr. Men sidan maksbeløpet er på 10.000 kr søker du om eit tilskot på 20.000 frå denne tilskotsposten slik at du får dekt mellomlegget. Dette vil vi innfri. Når det gjeld brennearbeid har du fått dekt dette med RMP-tilskot.

Vår vurdering er at tiltaket bidreg til å ta vare på ein truga naturtype og berre vil ha positive verknader for naturmangfaldet. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova § 8 -12 treng difor ikkje nærare kommentar.

### Avgjerd

Du får 20.000 kr i tilskot for beite av kystlynghei på Børilden. Sidan tiltaket er del av fast årleg skjøtsel i samsvar med skjøtelsesplan, ser vi det som praktisk for begge partar at tilskotet vert betalt ut med éin gong. Som det går fram av vilkåra under kan tilskotet krevjast heilt eller delvis attende dersom tiltaket ikkje blir gjennomført etter føresetnadene i søknaden.

Tilskotet på kr 20.000 vert utbetalt til kontonummer 3632.58.40816 med det første.

### Vilkår

- Sluttrapport skal leggjast inn i elektronisk søknadssenter innan 1. oktober inneverande år.
- Dei som er rekneskapspliktige etter rekneskapslova, skal ta vare på bilag i minst fem år etter avslutting av rekneskapsåret.
- Riksrevisjonen og Statsforvaltaren har rett til å føre tilsyn med at tilskotet vert nytta i samsvar med føresetnadane
- Tilskotet kan krevjast heilt eller delvis attende dersom tiltaket ikkje er gjennomført etter føresetnadene i søknaden.

### Klage

Vedtaket om tilskot kan klagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Du har rett til å gjere deg kjend med dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18 og 19.

Med helsing

Johannes Anonby  
seniorrådgjevar

Solveig Kalvø Roald  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Austrheim kommune

Kommunehuset

5943

AUSTRHEIM